

Rapport om språkskifte

i Valdres og Sogn og Fjordane



KAREN MARIE KVÅLE GARTHUS
JON TODAL
KAMIL ØZERK

Innhald

Bakgrunn.....	2
Geografisk samanlikning av Valdres og Sogn og Fjordane.....	3
Språklege forhold i Sogn og Fjordane og Valdres.....	4
Firda vidaregåande skule versus Valdres vidaregåande skule.....	4
Språkskifte ved Valdres vidaregåande skule og Firda vidaregåande skule.....	5
Foreldra sin geografiske bakgrunn.....	7
Forholdet mellom dialekt og skriftspråk.....	8
Firdaungdommen kategoriserer sin eigen språkbruk.....	8
Valdresungdommane kategoriserer eigen språkbruk.....	9
Firdaungdommane pratar med mor, far og vener.....	9
Nynorskbrukarar i Valdres og nynorskbrukarar ved Firda pratar med mor, far og vener.....	10
Vestlendingar og valdrisar på Oslo-tur.....	10
Forholdet til bokmål og nynorsk.....	12
Forholdet til engelsk.....	13
SMS-språk.....	15
Årsaker til å halde på hovudmålet ved Firda vidaregåande skule.....	17
Fornuft versus følelse.....	19
Årsaker til å halde på nynorsk ved Valdres vidaregåande skule.....	20
Konklusjon.....	21
Årsaker til å skifte målform.....	22
Firda.....	22
Valdres.....	22
Instrumentelle årsaker.....	22
Følelsesladde argument – negative haldningar	22
Ufrivillig skifte?.....	23
Framtidig språkbruk.....	23
Kvar skal nynorskbrukarane bu?.....	24
Utdanningsambisjonane hjå nynorskbrukarane.....	25
Utdanning og framtidig stad å bu.....	26
Den kulturelle verdien av nynorsk.....	27
Den instrumentelle verdien av bokmål.....	28
Andre synspunkt på språk.....	28
Pro nynorsk.....	28
Pro bokmål.....	28
Pro dialekt.....	28
Påverknad.....	29
Konklusjonar.....	29
Kva kan gjerast?.....	31
Utanfor skulen.....	31
Frå illusjon til realitet?.....	31
«Språklig selvtillit og trygghet i egen kultur»?.....	31
Figurliste.....	33
Litteraturliste.....	34

Bakgrunn

I 2009 gjennomførte prosjektet Målstreken ei undersøking om språkskifte frå nynorsk til bokmål på Valdres vidaregåande skule. Undersøkinga var den største i sitt slag og viste korleis nynorsken er under press i skulen i Valdres: 75 % av dei opprinnelege nynorskbrukarane skiftar til bokmål i løpet av den 13-årige skulegangen.

Valdres er i språkleg forstand ei randzone. Størstedelen av Valdres har tradisjonelt vore nynorskområde, og nesten 70 % av elevane i Valdres har nynorsk som sitt opplæringsmål i barneskulen (2009/2010). Likevel ser ein lite nynorsk i det offentlege rommet i Valdres, særleg når det gjeld organisasjonar og privat næringsliv. Resultata frå undersøkinga var slik sett ikkje svært overraskande, dette var ei utvikling ein over lang tid har vore klar over. Det har likevel ikkje vorte tematisert nærare, verken i skulen eller kommunane.

Resultata i Valdres vil vera relevante for andre randsoner i nynorskområda, slik som bynære strok på Vestlandet og Sørlandet og dalstroka på Austlandet. Likevel er situasjonen alltid noko ulik frå stad til stad, og grada av bokmålspåverknad er ulik.

Noregs Mållag, som er initiativtakar til prosjektet Målstreken, ynskte difor også å gjera ei tilsvarande undersøking i kjerneområdet til nynorsken. Firda vidaregåande skule vart vald ut, og det same spørjeskjemaet, med lokal tilpassing, vart nytta der.

Undersøkinga viser stor skilnad mellom desse to områda. Språkskifte er nærast ikkje-eksisterande på Firda vidaregåande skule.

Geografisk samanlikning av Valdres og Sogn og Fjordane.

Ei samanlikning av resultata frå desse to skulane impliserer også ei samanlikning av dei geografiske områda. Her er det mange forskjellar. For det fyrste er Valdres ein region med seks kommunar. Sogn og Fjordane er, som alle veit, eit fylke med mange kommunar.

Slik sett kunne ein kanskje heller avgrensa seg til Nordfjord, regionen der Firda vidaregåande skule ligg. Men det blir heller inga korrekt samanlikning. Nordfjord har fleire sentrum. Både Måløy, Eid, Stryn og Sandane kan definerast som sentrum når det gjeld folketal og infrastruktur. I Valdres er det eitt definert sentrum, nemleg Fagernes. Det finst fire lokalaviser¹ i Nordfjord, medan Valdres har éi.

Firda vgs. har elevar frå heile fylket, sjølv om Gloppen kommune, der skulen ligg, er den største leverandøren av elevar til skulen, med nær halvparten av elevane. I Valdres går nesten alle elevane i årskullet på Valdres vidaregåande skule, og det er svært få elevar utanfrå. Dette gjev oss altså eit bilete av Nordfjord som ein region som ikkje er så geografisk og identitetsmessig avgrensa som Valdres er, og av Firda som ein skule med ein meir samansett identitet.

Samtidig er Sogn og Fjordane ein sterkare fellesnemnar for elevane ved Firda enn Oppland er det for elevane i Valdres. Mellom elevane på Firda vidaregåande skule kan ein snakke om ein Sogn og Fjordane-identitet i tillegg til ein Nordfjord-identitet. Ein Opplands-identitet finst neppe for elevar i Valdres².

¹ Fjordenes Tidende (Måløy og Selje), Firda Tidend (Gloppen og Jølster, Jølster ligg i naboregionen Sunnfjord), Fjordabladet (Eid) og Fjordingen (Stryn og Hornindal).

² Dette er ikkje undersøkt, men er "common sense" i Valdres.

Difor gjev det mest meining å samanlikne to ulike einingar: regionen Valdres og fylket Sogn og Fjordane.

Språklege forhold i Sogn og Fjordane og Valdres

Sogn og Fjordane har ulike talemål knytte til dei tre regionane Sogn, Sunnfjord og Nordfjord. Dette er samtidig eit dialektkontinuum, altså eit område der du ser gradvise endringar i dialekten frå sør til nord (mindre skilnad langs fjordane, altså aust-vest, sjølv om Sogn har nokre viktige skilnader mellom ytre og indre Sogn). 97 % av elevane i Sogn og Fjordane har nynorsk som hovudmål. Dei få elevane som har bokmål som opplæringsmål, finn ein i Måløy og Florø sentrum.

Valdres har éin dialekt som blir kalla for valdres-dialekt³. Den blir nytta av dei aller fleste, og høyrer heime i heile Valdres bortsett frå bygdene Begnadalen og Hedalen, som har flatbygdmål som språkleg sett høyrer saman med Ringerike. Ettersom Begnadalen og Hedalen har bokmål som hovudmål, er dei heller ikkje så interessante i eit språkskifte-perspektiv. Når vi her omtalar valdres-dialekten, er det difor dialekten nord for Begnadalen vi snakkar om.

Medan det i Sogn og Fjordane er nesten berre nynorskkommunar, har Valdres tre nynorskkommunar og tre nøytrale. Kommunen der Valdres vidaregåande skule ligg, er sentrums kommunen Nord-Aurdal, som er nøytral, men i praksis finn vi svært mange bokmålsbrukarar her, både i grunnskulen og elles i samfunnet.

Det tydelegaste orienteringspunktet i Valdres er Oslo, og hovudvegane sør-austover går gjennom bokmålsområda Land og Ringerike. Bokmålsbyane Lillehammer og Gjøvik er også orienteringspunkt, for eksempel på grunn av fylkesadministrasjon og sjukehusstilbod. At nabodalføra Hallingdal og Gudbrandsdalen (og Lærdal) er tradisjonelle nynorskområde, har nok i dag lite å seia for opinionen i språkspørsmål i Valdres. Det er ikkje mykje direkte kontakt over fjella, sjølv om Hallingdal i gamal tid var nær knytt til Valdres, noko ein høyrer tydeleg i talemålet.

Firda vidaregåande skule versus Valdres vidaregåande skule

Firda vidaregåande skule vart grunnlagd i 1922, og grunnleggarane var ungdomslagsrørsla og målrørsla⁴. Når skulen i tillegg ligg midt i nynorskland, med nynorskkommunar på alle kantar, er det ikkje rart om han har lange nynorsktradisjonar. Skulen var også landsgymnas frå 1941, og har difor lange tradisjonar med elevar som kjem langvegs frå. Lenge var Firda Landsgymnas samlingsstad for "bygdeintelligensiaen" på Vestlandet. Det er truleg at historikken til skulen til ei viss grad også pregar dei tilsette og elevane som går der, sjølv om det i dag er ein skule på lik line med andre vidaregåande skular i Sogn og Fjordane.

Studietilbodet på Firda omfattar programområda Studiespesialisering, Idrett, Musikk, dans, drama, Helse- og sosialfag, Medium og kommunikasjon og IKT-driftsfag. Det er 15 % av elevane som går dei yrkesfaglege studieprogramma Helse- og sosialfag, IKT driftsfag og Medium og kommunikasjon. 85 % av elevane går studieprogram som endar med studiekompetanse.

³ Dialektkilnader finst også i Valdres, men dei er mykje mindre enn dialektforskjellane i Sogn og Fjordane.

⁴Kjelde Firda vgs., lokalisert på www 10. september 2010. [http://firda.vgs.no/cms/firda/cms.nsf/\\$all/D724E1BF7885785EC12573E500396638?open&qm=wcm_1,3,1,0](http://firda.vgs.no/cms/firda/cms.nsf/$all/D724E1BF7885785EC12573E500396638?open&qm=wcm_1,3,1,0),

Valdres vidaregåande skule vart i 1996 slegen saman av Leira vidaregåande skule og Fagernes vidaregåande skule, høvesvis ”yrkesskule” og ”gymnas”. I dag omfattar studietilbodet programområda Bygg- og anleggsteknikk, Design og handverk, Elektrofag, Helse- og sosialfag, Idrettsfag, Restaurant- og matfag, Service og samferdsel, Studiespesialisering, Teknikk og industriell produksjon. Det er altså mange fleire yrkesfaglege studieprogram på denne skulen enn på Firda vidaregåande skule. Det er 44 % av elevane som går yrkesfaglege studieprogram, og 56 % som går studieprogram som endar med studiekompetanse.

Det at elevgruppene er ulikt samansette ved dei to skulane, er viktig bakgrunnsinformasjon for å tolke fleire av resultata.


Språkskifte ved Valdres vidaregåande skule og Firda vidaregåande skule

På Firda vidaregåande skule i skuleåret 2009/ 2010 er det 16 elevar som har skifta språk i løpet av skuletida, dvs. ca. 5 %. På Valdres vidaregåande skule er det i skuleåret 2008/ 2009 75 % av dei som hadde nynorsk i barneskulen, som har gått over til bokmål.


Elevane på Firda kjem frå svært mange ulike kommunar, og ikkje berre frå Sogn og Fjordane. Det ser ut som om språkskiftarane også har hatt fleire språkskifte gjennom skulegangen. Nokre få har starta med bokmål, men så gått over til nynorsk (grunna flytting?), men på vidaregåande blir dei bokmålsbrukarar. Og dei som i løpet av grunnskuletida går over til bokmål, blir også bokmålsbrukarar på vidaregåande. Konklusjonen er at det er lite språkskifte på Firda vgs., og dei som har skifta, har ein blanda språkleg bakgrunn.

I den grad ein kan samanlikne språkskiftet i to så ulike utval, så ser ein den likskapen at halvparten av språkskiftet skjer ved overgangen til ungdomsskulen.

Figur 1, Språkskifte blant elevar på Firda vidaregåande skule, absolutte tal.



Figur 2, språkskifte blant elevar på Valdres vidaregåande skule



Foreldra sin geografiske bakgrunn


Det er forskjellar mellom dei to utvala når det gjeld foreldra sin geografiske bakgrunn. På Firda vgs. er det vanleg å ha begge foreldra frå Sogn og Fjordane, 68 % har det. I Valdres er det ca. 40 % som har begge foreldra frå Valdres⁵.

I Valdres ser ein at språkskifte skjer blant alle, både dei som har éin, to eller ingen foreldre frå Valdres. Svært mange av dei som har to foreldre frå Valdres, går over frå nynorsk til bokmål, heile 72 %.

På Firda er dette annleis. Av dei 16 som skiftar språk, er det fire som kjem frå familiar med begge foreldra frå Sogn og Fjordane, dvs. at 2 % av dei som har begge foreldra frå fylket, skiftar målform.

Av figuren under ser vi at 221 av 325 elevar har to foreldre frå Sogn og Fjordane. Ni av desse har bokmål som hovudmål, men berre fire har altså *skifta* frå nynorsk til bokmål.

Figur 3, Elevar ved Firda som har begge foreldra frå Sogn og Fjordane fordelt på hovudmål vår 2010



Er det då foreldra sin geografiske bakgrunn som er avgjerande i Sogn og Fjordane? I og for seg ikkje, ettersom dei aller fleste, også dei som har berre éin eller ingen foreldre frå Sogn og

⁵ Dette talet ville kanskje vore høgre om ein tok med heile Oppland. Likevel er det lite truleg at svært mange har begge foreldra frå Oppland, ettersom innflytting frå andre stader i fylket ikkje er svært utbreidd. Hypotesen i undersøkinga er at det å ha begge foreldra frå Valdres/ Sogn og Fjordane vil vera ein språkbevarande faktor, men i forhold til språkskifte ville det å ha begge foreldra frå Oppland vera ein mindre interessant variabel, ettersom det neppe ville vera ein språkbevarande faktor for ein som byrjar med nynorsk på barneskulen. I Oppland er det Valdres og Gudbrandsdalen som er "nynorskregionar" (om vi ser stort på det), og innflytting frå Gudbrandsdalen er ikkje særleg utbreidd. Det å ha foreldre frå andre stader i Oppland ville difor truleg bety større grad av språkskifte, altså det motsette av det som er tilfelle i Sogn og Fjordane.

Fjordane, faktisk bevarer nynorsk som hovudmål. Men dei få som byter, har nokre kjenneteikn: dei har i mindre grad begge foreldra frå fylket, og dei har ei språkleg meir samansett fortid.


I Valdres-undersøkinga konkluderer vi også med at foreldra sin geografiske bakgrunn ikkje er avgjerande, ettersom heile 72 % av dei som har begge foreldra frå Valdres, skiftar språk. Likevel ser ein at noko av det som kjenneteiknar dei som vel å halde på nynorsken, er at dei i større grad enn gjennomsnittet har to foreldre frå Valdres (59 % mot 40 %)⁶.

Stabilitet er difor truleg eit stikkord for språkbevaring både i Valdres og i Sogn og Fjordane. Men denne (språklege) stabiliteten er lettare å oppnå i Sogn og Fjordane enn i Valdres. Ut frå dette materialet ser det ut som om det er meir ”ektefelleimport” i Valdres enn i Sogn og Fjordane, og også generelt større innflytting. Dette kan i sum vera ei viktig påverkingskjelde.

Forholdet mellom dialekt og skriftspråk

Firdaungdommen kategoriserer sin eigen språkbruk

Figur 4, Talemål ved Firda vgs.



Figuren taler for seg sjølv: 80 % kategoriserer sin eigen språkbruk som den stadeigne dialekten. Kva som ligg i ”annan dialekt”, er ikkje godt å vita, men for eksempel kan det vera nokre bokmålsbrukarar her⁷. Det er også elevar frå andre delar av Vestlandet ved skulen.

⁶ Ei mogleg feilkjelde i høve til hypotesen om at det er meir sannsynleg at ein nynorskelev med begge foreldra frå Valdres vil halde på nynorsk som hovudmål, er at dei to foreldra frå Valdres ikkje nødvendigvis er nynorskbrukarar, sjølv om det er stor sjanse for det. I Sogn og Fjordane er dette annleis, ettersom dei aller fleste frå dette fylket har nynorsk som hovudmål.

⁷ Bakgrunnstala for Figur 5, Talemål blant nynorskelevar ved Firda viser at det er nokon få som pratar bokmål med mor/ far/ vener, men dei er ikkje i fokus i den figuren.

Valdresungdommane kategoriserer eigen språkbruk

I Valdres er det ca. 18 % (av alle elevane) som seier dei pratar ”bokmålsnær dialekt”⁸, det er altså nokså utbreidd. 30 % oppgjev ”blandingsdialekt”, medan om lag 50 % oppgjev valdresdialekt. Dette tyder på at dialekten i Valdres er under større press enn dialektane i Sogn og Fjordane.


Det er også verdt å merke seg at kategorien ”blandingsdialekt” kan vera noko anna i Valdres enn i Sogn og Fjordane. I Valdres er det nokså eintydig at blandingsdialekt betyr blanding av valdresdialekt og ”normalisert austlandsk” (eller bokmål, som mange vil seia). I Sogn og Fjordane, og særleg på ein skule der mange ulike dialektar er representerte, er det mogeleg å tenkje seg at blandingsdialekt er blanding av ulike dialekttrekk, både bokmål og andre vestlandske trekk. Men fleire av informantane seier i dei spørsmåla der dei får formulere eigne svar, at dei blir påverka av bokmål også i tale.

Firdaungdommane pratar med mor, far og vener

I materialet frå Firda kjem det fram at det mellom nynorskbrukarane, altså over 90 % av elevane der, er 3–4 personar som brukar bokmål når dei pratar i gitte situasjonar (med mor/ far/ venner/ likesinna). Her er altså bokmålsbruk, naturleg nok, heilt uvanleg. I situasjonar der dei pratar med mor og far, er det om lag 77 % som seier dei brukar nordfjord-, sunnfjord- eller sognedialekt⁹ og 17 % som pratar blandingsdialekt¹⁰.

Når den same gruppa pratar med ”dei fleste av kameratane” sine, er tala noko annleis: 56 % oppgjev at dei pratar dialekt, og 40 % seier at dei pratar ”blandingsdialekt”. Kameratane påverkar altså nokså mange til å legge om språket sitt til ei viss grad¹¹.

Figur 5, Talemål blant nynorskelevar ved Firda



⁸ Her er det ikkje skilt mellom ulike språkbrukssituasjonar.

⁹ Dei aller fleste elevane brukar desse tre dialektane, sjølv om det også finst enkelte elevar frå andre delar av Vestlandet.


¹⁰ Resten pratar ”anna” eller ”bokmål”.

¹¹ Blandingsforholdet er ikkje gjort greie for, materialet har ingen språklege variablar.

Nynorskbrukarar i Valdres og nynorskbrukarar ved Firda pratar med mor, far og vener

Så langt har me samanlikna nynorskbrukarane ved Firda (over 90 %) med alle elevane ved Valdres. Dersom vi isolerer nynorskbrukarane i Valdres, ser vi at dei ikkje har så stor variasjon mellom dei ulike situasjonane som nynorskbrukarane ved Firda har:

Figur 6, Talemål hjå nynorskelevar ved Valdres vgs.¹²



Kameratane utgjer ikkje ein så stor "trussel" mot dialekten i Valdres som i Sogn og Fjordane, eller for å snu om på det: Foreldra ved Valdres vg. bidreg i mindre grad til at ungdommane deira bruker dialekt enn det foreldra ved Firda vg. gjer.

Vestlendingar og valdrisar på Oslo-tur

Korleis vil så desse nynorskbrukande ungdommane prate "i ein butikk i Oslo"? På dette spørsmålet oppgjev Firda-ungdommane eit litt uventa svar. Dei er mindre villige til å endre dialekten sin i møte med hovudstadsbuarar enn i møte med sine egne kameratar. 81 % (241 personar) oppgjev at dei ville prate sin eigen dialekt i denne situasjonen, medan 3 % (9 personar) oppgjev bokmål¹³. 15 % (45 personar) oppgjev eit "anna" talemål, truleg blandingsdialekt, jf. tidlegare spørsmål. Desse tala liknar prosenttala for korleis dei vel å snakke med far og mor (Figur 5, Talemål blant nynorskelevar ved Firda), men det er endå nokre fleire som oppgjev dialekt og litt færre som oppgjev "blandingsdialekt"/ "anna".


Kvifor er det viktigare å prate dialekt i Oslo enn med mor, far og kameratane? Dette må tolkast som ein "protest" mot den språklege "overmakta". Her må ein sjølv sagt hugse på at tala baserer seg på eigarapportering, noko som neppe gjev heilt eksakte tal. Dette seier lite om den faktiske språkbruken til desse ungdommane. Likevel uttrykkjer desse tala ei haldning: "Ingen frå Oslo skal fortelje meg korleis eg skal prate."

¹² I denne figuren er kategoriane "bokmål" og "anna" slått saman til "anna", ettersom tala er låge og dette ikkje er i fokus i denne framstillinga. Sjå drøfting av bokmålsbruk i Figur 7, Talemål blant nynorskbrukarane i Valdres og ved Firda i "ei forretning i Oslo", absolute tal.

¹³ Dette er berre 9 personar, men det er meir enn dobbelt så mange som dei som ville prate bokmål med mor/ far/ kameratar. Så nokre få personar i dette utvalet er villige til å tilpasse seg totalt (etter eiga utsegn).

Denne haldninga ser ut til å vera viktigare for ungdommane frå Firda enn ungdommane frå Valdres, sjølv om ein også der finn ein tendens til å bruke dialekt i ein slik situasjon. Av figuren ser vi at det er 46¹⁴, altså nesten 70 % som oppgjev valdresmål, litt fleire enn dei som valde valdresmål i samtale med far/ mor. Tala for bokmål var ca. 5 % i samtale med far/ mor/ vener (svært lite variasjon i dei tre kategoriane)¹⁵, medan det her er 11 personar, altså 16 % som ville valt bokmål. Blant valdresungdommane er det ”blandingsdialekten” som blir ”ofra” i møte med hovudstaden, berre 6 % oppgjev det, mot over 20 % som valde det i samtale med både far/ mor og vener.

Figur 7, Talemål blant nynorskbrukarane i Valdres og ved Firda i "ei forretning i Oslo", absolutte tal.



Ifølgje deira eiga rapportering viser altså firdaungdommane eit nokså tydeleg språkval ansikt til ansikt med ”den språklege overmakta”: meir dialekt. Og dei som vel å tilpasse seg, vel noko ”anna” enn bokmål¹⁶. Altså berre ei gradvis tilpassing til samtalepartnaren. Å prøve seg på bokmål ville vel også verke svært kunstig for den jamne vestlending, både når det gjeld setningsmelodi og bøyning.

Valdresungdommane viser i større grad ei språkleg polarisering i møte med bokmål i hovudstaden: anten bokmål eller dialekt. Andelen ”blandingsdialekt” er her tydeleg mindre enn i andre situasjonar. Valdresdialekten ligg tradisjonelt langt frå bokmål, men med dei dialektendringane¹⁷ som er kartlagde dei siste åra, og det faktum at setningsmelodien er lik, vil det gjera skiftet til bokmål mindre markert for ein valdris enn for ein vestlending. Tala kan vel også tyde på at viljen til å tilpasse seg språkleg er større her enn i Sogn og Fjordane.

¹⁴ Dette er berre éin fleire enn dei som oppgjev valdresdialekt i samtale med far.


¹⁵ Dette kjem ikkje fram i Figur 6, Talemål hjå nynorskelevar ved Valdres vgs., fordi tala for ”bokmål” og ”anna” er slått saman, då dei er låge.

¹⁶ Men som vist i fotnote 35, så er det også ein auke i bokmålsbrukarar her i forhold til i samtale med mor/ far/ vener. Likevel blir dette marginalt, ettersom talet er så lågt som 9 personar.

¹⁷ Både fonetiske, morfologiske, syntaktiske og leksikalske, jf. Kvåle (1999).

Forholdet til bokmål og nynorsk

Figur 8, Kva meiner nynorskbrukarane om å skrive nynorsk?




Det store fleirtalet av nynorskbrukarar både i Valdres og ved Firda likar å skrive nynorsk. Dersom ein legg saman dei som "likar svært godt" å skrive nynorsk, og dei som likar det "godt", så får ein 90 % av firdaungdommane og nesten 80 % av valdresungdommane. Ein ser også at forholdsvis fleire valdresungdommar berre likar det "godt", medan firdaungdommane deler seg nesten på midten i kategoriane "svært godt" og "godt". Det er altså i realiteten meir enn dei 10 prosentpoenga vi ser her, som skil dei to utvala i gleda over å skrive nynorsk.

Talet på dei som er negative til å skrive nynorsk, er difor også høgare i Valdres enn ved Firda.

Forholdet til bokmål er derimot nokså likt på dei to skulane – dei fleste er nokså positive, 66 % ved Firda og 69 % i Valdres. Dei aller fleste vel kategorien "godt":

Figur 9, Kva meiner nynorskbrukarane om å skrive bokmål?



Det er også om lag ein av tre ungdommar i Valdres og ved Firda som er negative til bokmålet. Det er berre marginale forskjellar i kor dårleg dei likar bokmålet.

Dei fleste nynorskbrukarane både i Valdres og ved Firda er positive til bokmål. Det å ha nynorsk som hovudmål gjev godt grunnlag for å like begge skriftspråka våre. Likevel er det ikkje utenkjeleg at det i desse svara også ligg ei form for protest mot majoritetsspråket, og at mange bevisst markerer mindre glede over bokmålet enn over sitt eige skriftspråk.


Ungdommane, særleg dei frå Firda, utpeikte seg med tydeleg haldning mot tala bokmål i Figur 7, Talemål blant nynorskbrukarane i Valdres og ved Firda i "ei forretning i Oslo", absolutte tal. I det å vera minoritet ligg det truleg nokre haldningar som gjer det viktig å uttrykke glede ved sitt eige og skepsis mot majoriteten.

Men blant desse elevane vil det også finnast ein del som generelt sett ikkje likar å skrive, slik at dei nok mislikar bae målformene. Som ein elev så treffande sa det i ein 10.-klasse i Valdres då Målstreken kom på skulebesøk: "Eg hatar nynorsk! Men eg hatar bokmål meir!"

Forholdet til engelsk

Den delvise skepsisen ein ser i forhold til bokmålet kunne ein tenkje seg også galdt eit anna majoritetsspråk, nemleg engelsk. Her ser vi tydelege forskjellar mellom nynorskbrukarane i Valdres og ved Firda.


Figur 10, Kva synest nynorskbrukarane i Valdres og ved Firda om å skrive engelsk?



Berre 45 % av valdresungdommane er positive til engelsk (og dei fleste likar det ”godt”), medan så mange som 55 % hamnar på den negative sida (omtrent like mange på ”ikkje så godt” som på ”vil helst ikkje”).

Som ein ser av søylene, sjølv om dette er absolutte tal, så er haldningane ved Firda betre: 74 % av nynorskbrukarane ved Firda er positive til engelsk, og så mange som 25 % ”likar svært godt å skrive engelsk”, mot 15 % i Valdres. Gradsforskjellen i gleda over engelsk er altså reelt sett større enn den forskjellen som dei 30 prosentpoenga viser.

Figur 11, Samanlikning av nynorskbrukarar i Valdres og ved Firda når det gjeld kor godt dei likar å skrive nynorsk, bokmål og engelsk



Firdaungdommane er litt meir positive til engelsk enn til bokmål, sjølv om forskjellane er relativt små. Kvifor er dei det? Trugar ikkje majoritetsspråket engelsk deira eige morsmål, slik majoritetsspråket bokmålet trugar nynorsken? Når ungdommane ved Firda ikkje gjev uttrykk for det, kan det ha med det å gjera at trusselen frå engelsk ikkje kjennest så nær eller personleg – engelsken trugar jo også bokmålet og andre europeiske språk, ikkje berre nynorsk. Dei ser kanskje også ein større verdi i å skrive eit framandspråk, som gjev dei kontakt med ein global ungdomskultur.

Ungdommane i Valdres er altså mindre positive til engelsk enn firdaungdommane. Det kan vera fleire forklaringar:

Ein viktig faktor ligg i informantutvalet frå Valdres¹⁸. Her er det fleire ungdommar frå yrkesfag enn i utvalet frå Firda. Desse elevane har generelt sett mindre interesse for teorifaga, og kanskje særleg for engelsk. Firda er også ein skule som har søkarar frå heile fylket til programområde som er sjeldne, slik som Medium og kommunikasjon og Musikk, dans og drama. Det er difor truleg eit høgre karaktersnitt ved inntak til Firda vgs. enn inntak til Valdres vgs., og det vil gje utslag på haldningane til framandspråk.


Ein kan også tenkje seg at den sterke posisjonen til nynorsk i Sogn og Fjordane gjer elevane der meir språkleg sjølvsikre, også i møte med eit framandspråk. Det at nynorskbrukarar i Valdres er i tydeleg minoritet i sitt skulemiljø, gjer kanskje noko med deira språklege ferdigheiter i morsmålet og deira vilje til å ta inn eit framandspråk.

SMS-språk

SMS-språket viser store forskjellar mellom Valdres og Firda.

¹⁸ Dette faktumet vil også kunne ha noko å seia for haldningane til å skrive nynorsk og bokmål, men det er likevel truleg at eit framandspråk kjem i ein annan haldningsmessig kategori for desse elevane.

Figur 12, SMS-språk blant nynorskbrukarar i Valdres og ved Firda¹⁹



Ved Firda er bokmål som SMS-språk nærast ikkje-eksisterande, verken i dei uformelle situasjonane (til foreldre og vener) eller i den formelle situasjonen (til læraren). Det andre som er slåande, er korleis nynorskbruken aukar kraftig i SMS til læraren, i forhold til i SMS med foreldre og vener. Det er dialekten som i størst grad blir ofra når læraren skal få SMS.

Felles for Firda og Valdres er at informantane ser på SMS til vener og SMS til foreldre som nokså like situasjonar. Innanfor gruppene er det ingen store forskjellar i markeringane, men mellom gruppene er forskjellane store.

Valdresungdommen brukar omtrent det same SMS-språket til vener som til foreldre, dvs mykje dialekt og mykje bokmål, som utgjør over 90 % av språkbruken i denne gruppa.

Også firdaungdommane brukar omtrent det same SMS-språket til vener som til foreldre, og her er det nynorsk og dialekt som dominerer, men mest dialekt.

Forskjellen mellom gruppene i SMS-språk til læraren følgjer også det same mønsteret: Ved Firda byter ein ut dialekt med nynorsk, medan ein i Valdres byter ut dialekt med bokmål.

Her har det truleg noko å seia korleis kulturen på skulen er. Ved Firda har ein svært lange nynorsktradisjonar, noko som truleg også pregar dei tilsette og deira språkbruk²⁰. Det er då lettare for ungdommane å bruke nynorsk i SMS til ein lærar. Ved Valdres vgs. er nynorsk lite synleg, både i skriv frå skulen, i digital informasjon via Fronter og på nettsidene. Slik vi kjenner forholda, er det lite bruk av nynorsk i tavleundervisning også. Dette er med på å skape forventningar til bruk av målform i kontakt med skulen, her representert ved læraren.


¹⁹ Her må ein merke seg at kategorien "dialekt og bokmål" berre var aktuell for valdresungdommane.

²⁰ Om Firda vgs. har ein offisiell språkpolitikk for dei tilsette, er ukjent for oss.

Årsaker til å halde på hovudmålet ved Firda vidaregåande skule

Det er svært mange av informantane som har uttrykt seg med eigne ord om kvifor dei har valt å ikkje skifte målform. Dette tyder på bevisste tankar om språk i elevgruppa som heile. I diagrammet under er alle utsegner frå nynorskbevarande ungdommar ved Firda lagde saman og kategoriserte. Ei utsegn kan innehalde fleire årsaker, og difor er prosentsummen som kjem fram her, utrekna ut frå talet på årsaker og ikkje talet på utsegner eller informantar.

Figur 13, Årsaker til å halde på nynorsk som hovudmål, Firda



”Vane”

Kategorien ”vane”, som er den mest rapporterte årsaka med 38 % av utsegnene, inneheld utsegner som:

”Det er det eg er vane med.”

”Det er mest naturleg for meg.”

”Eg er oppvaksen med det.”

”Det er morsmålet mitt.”²¹

”Ser ingens grunn til å byte.”

Felles for desse utsegnene er at dei tek språket sitt for gitt, noko som dei ikkje treng å argumentere for. Utsegner av denne kategorien tyder på språkleg sjølvtilitt og eit nokså uproblematisk og nøytralt forhold til skriftspråket.

”Alle rundt meg brukar nynorsk”

Familie og vener blir her brukte som årsak for å forklare kvifor ein framleis brukar nynorsk. Denne utsegna er mindre brukt, med 7 %, og den liknar på utsegner som ”Eg er oppvaksen med det”, som er kategorisert under ”vane”. Det er ei nokså nøytral utsegn, men likevel meiner vi det ligg større grad av pragmatisme her, eit uttrykk for at det er enkelt å bruke nynorsk fordi ein tilhøyrer ein majoritet. Spørsmålet er då om dei ville vore nynorskbrukarar

²¹ Denne utsegna kan også innehalde eit element av identitet, men slike utsegner er likevel ikkje talde med i kategorien ”identitet”.

om dei var i mindretal. Det kan også ligge noko identitet her, at ein kjenner seg som ein del av ei gruppe som skriv nynorsk.

”Nynorsk er lettast”

Svært få brukar som argument at nynorsk er lettast, berre 2 % av utsegnene handlar om det. Kanskje er dette underrapportert, fordi det er underforstått blant dei som seier det er ”naturleg” osv. For ein del elevar er det truleg irrelevant om det er enkelt eller vanskeleg, det berre *er*.

Likevel må vi gå ut frå at fleire hadde sagt det dersom det var ei ”folkemeining” i denne gruppa at nynorsk er lettast (jf. neste kapittel om kvifor enkelte elevar byter til bokmål). Det er tydeleg at nynorsk ikkje er det enklaste for dei fleste av desse elevane, men likevel vel nesten alle å skrive det.

Ein må spørja seg kvifor hovudmålet likevel ikkje blir oppfatta som det enklaste språket å skrive, sjølv i ”nynorskland”. Ei viktig forklaring er truleg at ingen lever berre i ”nynorskland” i Noreg. Alle tek inn store mengder bokmål gjennom aviser, tv, radio og Internett. Store mengder tekst som desse elevane konsumerer, er på bokmål.

”Nærast dialekten”

12 % av utsegnene handlar om nærleiken til dialekten. Desse utsegnene har ein eller annan referanse til talemålet. Dette er også ei nokså nøytral og pragmatisk grunngjeving av språkvalet. Sjølv om det også her kan ligge noko uttrykk for identitet, ettersom nynorsk og dialekt er så nært knytte saman i mykje av retorikken rundt nynorsk, både frå Noregs Mållag sjølv, og i ”folkemeininga” rundt omkring i landet. Enkelte tenkjer kanskje difor medvite på at den som identifiserer seg med dialektbruk, også bør identifisere seg med nynorsk.

”Identitet”

9 % av utsegnene viser til at språkvalet handlar om identitet. Denne kategorien byggjer på utsegner som:

”Det er ein del av identiteten min.”

”Det seier noko om meg.”

”Fordi eg bur i Gloppen.”²²

Dette er utsegner som uttrykkjer noko om kven avsendaren er eller ynskjer å vera, og det ligg ei grad av medvit i dei fleste av utsegnene. Mange har nok også ”lært” at språk høyrer saman med identitet. Men det uttrykkjer likevel ei bevisstheit om at språket ikkje er noko ein kan ta for gitt.

Kvifor har ein majoritetsspråkbrukar, som nynorskbrukarane ved Firda er, ei slik bevisstheit? Finn ein den same bevisstheita hjå bokmålsbrukarar i Oslo? Neppe. Ein må tolke det som eit uttrykk for at desse elevane veit at dei som språkbrukarar i Noreg er i mindretal, sjølv om dei er i fleirtal i sitt lokalmiljø.

²² Det er sjølvsagt mogleg at referansar til bustaden er ei nøytral stadfesting av fakta som ikkje treng nærare forklaring. Bur ein i Gloppen (osv.), høyrer nynorsken med. Slik sett liknar utsegna på ”Alle rundt meg brukar nynorsk”. Når vi likevel vel å kategorisere det som uttrykk for identitet, så er det fordi det ligg eit form for gruppetilhøyre i ei slik utsegn.” Eg er frå Gloppen, og vi glopparar skriv nynorsk.”

”Likar nynorsk best”

20 % av utsegnene inneheld positive verdidommar over nynorsken. Liknande utsegner er kategoriserte her:

”Nynorsk er best!”

”Eg elsker nynorsk.”

”Nynorsk er vakkert og poetisk.”

”Eg liker målforma mi.”

”Nynorsk er betre enn bokmål.”

Det er påfallande at så mange som 20 % brukar estetiske argument for nynorsken. Alle desse kan ikkje vera komande skjønnlitterære forfattarar. Det ligg altså ei sterk bevisstheit om språk hjå språkbrukarane. Det er nærliggande å tolke dette som endå eit uttrykk for at dei kjenner språket sitt utfordra av bokmål.

”Viktig å halde på nynorsk”

5 % meiner det er viktig å halde på nynorsk. Dette er utsegner som:

”Vi må halde på målforma vår.”

”Vil ikkje at den skal dø ut.”

Dette uttrykkjer i endå sterkare grad ei bevisstheit om at språket er under press, trass i at dei altså sjølve tilhøyrer eit overveldande fleirtal som nynorskbrukarar ved Firda.

”Protest”

Det er ikkje mange som uttrykkjer ein protest mot bokmål, men 3 % av utsegnene har ei form for protest i seg, som desse utsegnene:

”Ser ingen grunn til å undertrykkje eige språk.”

”Urettferdig at andre skal bestemme at eg ikkje kan skrive nynorsk.”

”Uaktuelt å byte.”²³

”Nynorsk er like mykje verd som bokmål.”

Desse utsegnene viser trass, eit slags motangrep mot ”overmakta”.

”Veit ikkje” og ”Anna”

Nokon har ikkje betre svar å koma med enn ”veit ikkje”, noko som kan tyde på at spørsmålet er nøytralt, og at dei berre har følgd straumen. Kategorien ”anna” omfattar svar som ligg på sida av det som er interessant her, for eksempel at dei heilt tydeleg kommenterer talemålet og ikkje skriftspråket.

Fornuft versus følelse

Rekkefølgja på svaralternativa i Figur 13, Årsaker til å halde på nynorsk som hovudmål, Firda, er ikkje tilfeldig. Nedst har ein dei utsegnene som verkar mest nøytrale og mest praktiske og pragmatiske, og så går det gradvis over i utsegner som uttrykkjer haldningar.

Kategoriane ”Vane”, ”Alle rundt meg...”, ”Nynorsk er lettast og ”Nærast dialekten” er argument som handlar om (meir eller mindre) objektive sanningar, fakta, praktiske og pragmatiske omsyn. Desse utsegnene er i all hovudsak nøytrale når det gjeld verdien til språket nynorsk.

Kategoriane ”Identitet”, ”Likar nynorsk best”, ”Viktig å halde på nynorsk” og ”Protest” er det ein kan kalle integrative eller følelsmessige argument, altså argument som handlar om andre ting enn dei objektive sanningane. Her kjem følelsar, moral, estetikk og verdiar inn i biletet, i


²³ Dette er kanskje ingen tydeleg protest, men ordet ”uaktuelt” er nokså sterkt og avfeidande. Utsegna framhevar ikkje det positive ved nynorsken, men det negative ved å skifte til bokmål.

stigande grad med dei ulike kategoriane. Ein argumenterer altså like mykje med hjartet som med forstanden. Dette skulle ein tru var mindre utbreidd i eit område der nynorskbrukarane er i fleirtal. Mange informantar brukar både fornufts- og følelsesmessige argument.

Årsaker til å halde på nynorsk ved Valdres vidaregåande skule

I Valdres er det 67 nynorskbrukarar (25 % av elevmassen), og det er berre 24 informantar som har svara på spørsmålet. Det er truleg dei mest bevisste som har svara. Dette gjer tala svært små, men vi vågar oss likevel på ein statistikk for samanlikninga si skuld.

Figur 14, Årsaker til å halde på nynorsk, ei samanlikning av Valdres og Firda



Forskjellane mellom informantgruppene følgjer ikkje eit tydeleg mønster. Nynorsk er i mindre grad ein "vane" for Valdres-ungdommane. Nynorsk er ikkje så sjølvsgatt i Valdres som i Sogn og Fjordane. Dette må ein sjå i samanheng med at valdresungdommane er i mindretal i sitt lokalmiljø.

Det viktigaste argumentet for valdresungdommane er nærleiken til dialekten, med 23 %, eit mykje viktigare argument i Valdres enn ved Firda.

Deretter kjem argumentet om at "nynorsk er best" (17 %), dette er nesten same nivå som ved Firda.

Det praktiske argumentet om at ein ”får kompetanse i begge målformene” er like ofte rapportert (17 %). Dette argumentet fann vi hjå éin informant ved Firda, det fekk difor ikkje sin eigen kategori. For elevane i Valdres er det nok tydelegare at dei ikkje kjem til å lære seg godt nok nynorsk om dei ikkje har det som hovudmål, sidan dei i mindre grad ser det rundt seg.

17 % av utsegnene uttrykkjer at ”det er viktig å halde på nynorsken”. Det er høvesvis fleire valdreselevar enn firdaelevar som meiner at det er ”viktig å halde på nynorsken”, truleg fordi dei endå tydelegare enn firdaelevane ser at nynorsken er under press.

11 % av utsegnene framhevar at informantane ”likar nynorsk best”. Dette er færre enn ved Firda, og tydeleggjer kanskje at elevane synest det er vanskeleg å like nynorsken best, sidan målforma er under eit sterkare press her enn ved Firda.

11 % av utsegnene framhevar at informantane synest ”nynorsk er lettast”. Det er overraskande at ungdommen i Valdres brukar dette argumentet i så mykje større grad enn ved Firda. Det kan kanskje henge saman med at dette er underforstått og dermed underrapportert mellom firdaungdommen, som vi antyda tidlegare.

”Identitet” er lite rapportert i Valdres, berre éin elev (3 %) gjev uttrykk for noko som kan tydst som identitetsfølelse. Å velje ein ”nynorsk” identitet i Valdres er truleg mykje meir krevjande enn ved Firda, der 8 % meiner nynorsk er ein del av identiteten.

Konklusjon

Om ein summerer dei integrative (følelsmessige) argumenta hjå valdresungdommen, får vi 31 %. Det tilsvarande talet ved Firda er 37 %.

Om ein summerer dei ”praktiske” argumenta hjå valdresungdommen, får vi 69 %. Det tilsvarande talet ved Firda er 59 %²⁴.

Valdresungdommane brukar meir ”fornuft” enn firdaelevane når dei argumenterer for valet sitt, og ein viktig grunn til det er at dei har eit argument som ikkje er brukt ved Firda, nemleg det å meistre begge målformene. Nærleiken til dialekten kjennest også viktigare for valdresungdommen enn for firdaungdommen²⁵.

Firdaelevane brukar noko meir følelsar når dei argumenterer for språkvalet sitt, men forskjellen er ikkje stor (6 prosentpoeng). Eit unntak er argumentet ”det er viktig å halde på nynorsken”, som tydelegvis kjennest meir prekært i Valdres enn i Sogn og Fjordane.

Kvifor blir følelsane viktigare for ei informantgruppe som er majoriteten i sitt lokalmiljø? Kvifor er det ikkje mindretalsgruppa som brukar dei følelsmessige argumenta? Svaret er kanskje at det for firdaelevane er lettare å halde nynorskfana høgt og vise kjenslene sine i argumentasjonen. Kanskje spelar det også inn at Firda vgs. er ein skule med lange nynorsktradisjonar og dermed meir nynorskretorikk enn valdreselevane er vande med?

²⁴ Kategoriane ”Veit ikkje” og ”Anna” er verken rekna som praktiske eller integrative.

²⁵ Kanskje er også denne kategorien underrapportert ved Firda, fordi det kjennest så sjølvsgt. Kanskje er eit viktigare argument for dei ”fjernheita frå bokmål”, noko som kjem tydelegare fram i kategorien ”protest”.

Det at integrative (følelsemessige) argument i det heile er så utbreidde, tyder på eit asymmetrisk forhold mellom språket deira (som her rett nok er majoritetsspråk lokalt) og majoritetsspråket i samfunnet som heilheit.

Årsaker til å skifte målform

Firda

Det er få utsegner frå firdaungdommane som forklarar språkskiftet, ettersom det er få elevar dette gjeld. I alt er det 14 utsegner. Det mest brukte argumentet er at bokmål er ”lettare”, åtte utsegner peikar på det. Nokre av dei seier at bokmål er lettare fordi det ”blir brukt mest” og ”er rundt meg hele tiden”.

Tre utsegner uttrykker at dei er blitt ”påverka”, utan nærare forklaring. Anna som blir nemnt éin gong, er dialektnærleik, at ein fekk eit val og at bokmål er eit betre språk.

Hjå skiftarane ved Firda er dei instrumentelle årsakene tydelegast.

Valdres

I Valdres-undersøkinga er det mange fleire utsegner som grunnlegg språkskiftet, ettersom det finst så mange fleire skiftarar her. Årsakene til språkskifte er fleire, men også her er dei instrumentelle årsakene heilt klart viktigast.

Instrumentelle årsaker

Den mest brukte grunnlegginga er at bokmål er ”lettare”. Ordet ”bedre” er også brukt nokre få gonger – bokmål er altså betre enn nynorsk. Dette er ein verdidom, men han kan henge saman med at dei oppfattar bokmål som enklare. Det gjer det ”bedre” å skrive og lesa bokmål.

Mange forklarar dette at det er enklare å skrive bokmål, med at bokmål er vanlegare i media og elles i verda rundt dei:

”Bokmål er det man hører, ser og bruker hele tiden.”

”Det var vanskelig for meg og skrive rett på nynorsk fordi bøker og tidsskrifter er på bokmål.”

”Fordi til tross for at dialekten er nær lik nynorsk, leser og hører man mye mer bokmål gjennom media.”

Følelsesladde argument – negative haldningar

Negative haldningar til nynorsk er tydelegare i materialet frå Valdres. Her er frontane mellom språka tydelegare enn dei er ved Firda. Enkelte framhevar samtidig det positive forholdet til dialekten:

”Synes at nynorsk er tragisk. Men snakker ikke bokmål, bare skriver”.

Dette er integrative argument, men det interessante er at elevane argumenterer ved å framheve det negative ved nynorsk (som dei forlet) og ikkje det positive ved bokmålet (som dei har valt). For dei som vel å halde fram med nynorsk, er det omvendt: Dei framhevar det positive ved nynorsken (som dei vel) og i mykje mindre grad det negative ved bokmålet (som dei ikkje vel).

Ein god del av elevane seier at dei skifta fordi nynorsk på barneskulen var ”tvang”. Dei skulle altså gjerne vore bokmålslevar heilt frå starten. Mange her uttrykkjer også at dei ikkje pratar dialekt. Dersom ein legg til grunn at det bør vera eit visst samsvar mellom talemål og skriftspråk, er det difor forståeleg at ein del vil skifte når dei får høve til det²⁶.

Ufrivillig skifte?

Nokre av valdreselevane oppgjev språkskiftet som ikkje heilt frivillig eller bevisst. Dette finn ein ikkje i materialet frå Firda, og det tyder på at rutine for språkskifte ved skulane i Valdres og Sogn og Fjordane er heilt forskjellige, og at det ligg ulike strukturar til grunn²⁷. Ingen blir bokmålsbrukar utan å vilja det sjølv i Sogn og Fjordane. Valdresungdommane oppgjev her årsaker som ligg utanfor språkbrukaren sjølv:

”Det vart berre slik, for då eg kjøpte bøker var det berre att bokmål og det var lang ventetid på nye.”

”Eg veit ikkje, det berre blei slek. Ingen spesiell grunn.”

”Ingen spesiell grunn, men er lettere å selge bokmålsbøker enn nynorskbøker.”


”Alle ble satt opp i 1. klasse som bokmålslever. Jeg ’gadd’ ikke skifte. Hadde jeg blitt satt opp som nynorskelev, hadde jeg fortsatt med nynorsk.”

”Eg skifta frå nynorsk til bokmål fordi eg snakka bokmål heime. Seinare har eg ynskt eg hadde nynorsk. Eg syns oppfølging av nynorsk på ungdomsskulen er dårleg.”

Framtidig språkbruk

I grafen under ser vi korleis informantane ser for seg sin framtidige språkbruk. Her får vi igjen demonstrert kor forskjellig situasjonen er ved dei to skulane.

Figur 15, Framtidig språkbruk Valdres og Firda



²⁶ Det er sjølvsagt verdt å merke seg at eit samsvar mellom tale og skrift ikkje verkar viktig for dei svært mange dialektbrukarane som går over til bokmål.


²⁷ Dette heng sjølvsagt saman med at nynorskbrukarane er i fleirtal i Sogn og Fjordane, medan bokmålsbrukarane er i fleirtal (om ikkje like stort) i Valdres.

I tala frå Firda er alle elevane med, både nynorsk- og bokmålsbrukarane. Bokmålsbrukarane er få, så dei gjer ikkje eit stort utslag i statistikken totalt, men det er truleg at talet på nynorskbrukarar ville vore noko høgre om det berre var nynorskbrukarane ein spurde.

Når det gjeld Valdres, er det éi søyle for alle elevane og éi søyle for nynorskbrukarane. Det er stor forskjell mellom dei to gruppene, men likevel er det lett å sjå at nynorskbrukarane i Valdres i mindre grad vil skrive nynorsk enn elevane ved Firda. Og det er nynorskbrukarane i Valdres som i størst grad rapporterer at dei kjem til å bruke både nynorsk og bokmål.

Kvar skal nynorskbrukarane bu?

Figur 16, Framtidig bustad for nynorskbrukarane i Valdres og ved Firda, absolutte tal



På dette spørsmålet kunne informantane oppgje fleire svar, difor blir det svært mange svaralternativ. I grafen kjem det fram svaralternativ som berre var relevante for den eine informantgruppa, men dei to kategoriane som det er mest relevant å samanlikne, er alternativa "I Valdres"/ "I Sogn og Fjordane", "I Bygde-Noreg", "I ein by" og "Andre stader".

Den slående forskjellen mellom desse to gruppene er at valdresungdom i mykje større grad ynskjer å bli buande i Valdres enn firdaungdom ynskjer å bli buande i Sogn og Fjordane: 58

%²⁸ mot 25 %. Dette også trass i at Valdres er eit mykje mindre område enn Sogn og Fjordane²⁹.

Dei nynorskbrukande firdaungdommane er i mykje større grad byorienterte. Heile 49 % ser for seg å bu i ein by. Det tilsvarande talet for nynorskbrukarar i Valdres er 13 %. Firdaungdommane ser altså ikkje på nynorsk som noko som berre høyrer heime på bygdene, men også i ein by. Blant valdresungdommane er det motsett: Nynorskbrukarane vil i mykje større grad halde seg på bygda.

I valdresundersøkinga såg vi også på den framtidige språkbruken knytt til framtidig bustad. Der viste det seg at det mellom dei som vil bruke nynorsk i framtida, berre var to personar som såg for seg at dei skulle bu i ein by.

Når vi tolkar desse tala, må vi hugse på at ordet ”by” kan ha ulik tyding for dei to informantgruppene. I Valdres tenkjer ein fyrst og fremst på Oslo når ein snakkar om ”by”. På Vestlandet er Bergen det naturlege bymessige orienteringspunktet, ev. Ålesund for dei som bur nord i fylket. No finst det også formelt sett byar i Sogn og Fjordane, men desse har ikkje utprega urbane kvalitetar og er ikkje det dei fleste tenkjer på som ”by”³⁰. Det er ikkje truleg at firdaungdommane i særleg stor grad har tenkt på Førde, Måløy eller Florø når dei markerte ”by” i spørjeskjemaet, ettersom kategorien ”Sogn og Fjordane” også finst. Men ei mogeleg feilkjelde er det, og det ville truleg nyansert biletet litt om dette var tydelegare i spørjeskjemaet. Likevel veit ein også at Sogn og Fjordane er eit av dei fylka som har mest utflytting³¹, og i så måte stemmer tala i denne undersøkinga med generelle fakta.

Tala synleggjer i alle fall at det neppe er tanken på framtidig bustad eller eit mogeleg ”urbaniseringsprosjekt” som gjer til at så mange valdresungdommar skifter til bokmål³².

Utdanningsambisjonane hjå nynorskbrukarane

I grafen under ser ein svært stor forskjell mellom informantgruppene. Elevane ved Firda har mykje høgare utdanningsambisjonar enn elevane i Valdres. Heile 83 % av elevane ved Firda ser for seg at dei skal gå på høgskule eller universitet, mot 52 % i Valdres.

Dette kan i stor grad forklarast med samansettinga av informantgruppene. I Valdres er det ein større del av informantane som går yrkesfag, 44 %, og sjølv om dei også kan velje høgare utdanning, så er det naturleg at færre av dei har det som mål. Ved Firda er det berre 15 % av elevane som går yrkesfaglege studieprogram.

²⁸ Også i elevgruppa totalt var Valdres det alternativet som var mest rapportert.


²⁹ Her spelar det kanskje også inn at elevgruppene er ulikt samansette. Ein kan tenkje seg at fleire av dei som vel yrkesfaglege utdanningar, og desse er det mange fleire av i Valdres enn ved Firda, ynskjer å bli buande på heimstaden.

³⁰ Men dei har større grad av bokmål, eit typisk bytrekk.

³¹ Kjelde: SSB, lokalisert på www.ssb.no/emner/02/02/20/flytting/tab-2010-05-06-05.html

³² Men for nokre er det det, for mellom dei framtidige bokmålsbrukarane var andelen som ville bu i ein by, relativt sett større enn for informantgruppa som heilheit.

Figur 17, Utdanningsambisjoner hjå nynorskbrukarar i Valdres og ved Firda



Det er lite truleg at det er kvalitetar ved nynorsken eller det faktum at ein er i mindretal som nynorskbrukar som kan forklare kvifor så mange færre valdresungdommar vel høgre utdanning. Rett nok såg ein også i valdresundersøkinga at utdanningsambisjonane hjå bokmålsungdommane var noko høgre, men dette har truleg også med bakgrunnen til foreldra å gjera.


Utdanning og framtidig stad å bu

Ein ser det same mønsteret i denne grafen som i dei føregåande: 40 % av valdresungdommane som brukar nynorsk og har høge utdanningsambisjoner, vil bli i Valdres, berre 18 % seier dei vil bu i ein by³³. Det tilsvarande talet for Firda er 53 %.

Også her må ein ha i tankane at kategorien ”by” ikkje er eintydig for ungdommane frå Sogn og Fjordane. Det finst også byar i fylket, og vi veit ikkje kor mange som har tenkt på dei byane når dei kryssa av her. Truleg tenkjer dei mest på andre byar, jf. utgreiing i kapittelet Kvar skal nynorskbrukarane bu?

³³ Dette er rett nok noko høgre enn talet for nynorskgruppa som heilskap, der 13 % valde by som framtidig stad å bu.

Figur 18, Framtidig bustad for nynorskbrukarar med høge utdanningsambisjonar



Den kulturelle verdien av nynorsk

Elevane skulle i undersøkinga vurdere kor einige/ ueinige dei var i denne utsegna: ”Eg meiner det er rett at me i Valdres/ Sogn og Fjordane brukar nynorsk fordi det er ein del av kulturen her.”

Eit stort fleirtal av nynorskbrukarane i Valdres og ved Firda er ”heilt einige” eller ”delvis einige” i denne utsegna: 85 % i Valdres og 94 % ved Firda. Men det er fleire firdaungdommar som markerer at dei er ”heilt einige”: 41 % i Valdres og 57 % ved Firda.

Dersom ein samanliknar med heile informantgruppa i Valdres, så er det 17 % som er heilt einige og 38 % som er delvis einige, altså over 50 % er positive til at nynorsk blir brukt i Valdres.

Den kulturelle verdien av nynorsk er altså tydeleg både for nynorskbrukarane i Valdres og ved Firda, og for fleirtalet i informantgruppa i Valdres. Dette viser ein større toleranse i Valdres enn ein kanskje skulle tru ut frå talet på språkskiftarar.

På den andre sida er det litt merkeleg at ikkje alle nynorskbrukarane ved Firda er positive til denne utsegna. Det kan hende det er premisen i utsegna dei er einige i, altså ”fordi det er ein del av kulturen her”. Kanskje ynskjer dei ikkje å grunngje nynorskbruken på denne måten.

Den instrumentelle verdien av bokmål

Elevane skulle også ta stilling til ei motsett utsegn, nemleg: ”Eg meiner at me i Valdres/ Sogn og Fjordane bør skrive bokmål fordi dette språket blir brukt av dei fleste i landet.” Denne utsegna legg altså den instrumentelle verdien av bokmål til grunn for svaret som blir gjeve.

90 % av firdaungdommane er ueinige i denne utsegna, og dei aller fleste er ”heilt ueinige”. I Valdres er det annleis: 70 % er ueinige (av desse var 42 % ”heilt ueinige”), men nesten ein tredel er altså einige i utsegna og meiner at det har ein verdi å bruke det språket som dei fleste brukar (dei fleste er ”delvis einige”).

Ein nynorskbrukar i Valdres vil møte bokmålet i mange fleire situasjonar og difor bli mint på ulempene ved å vera i mindretal mykje oftare enn nynorskbrukarane ved Firda. Det gjer det sjølvsagt lettare å sjå den instrumentelle verdien i majoritetsspråket.

Forskjellen mellom informantgruppene er ikkje uventa, når ein samanliknar med kva for språklege framtidsutsikter dei har: berre 3 av 10 nynorskbrukarar i Valdres kjem til å skrive (berre) nynorsk i framtida, medan 7 av 10 ved Firda ser for seg det same.

Andre synspunkt på språk

Det siste spørsmålet opna for at informantane kunne koma med andre synspunkt på språk, uttala med eigne ord. Her er firdaelevane handsama som ei gruppe, medan valdreselevane er delte i nynorskbrukarar og skiftarar³⁴. Det er eit mangfald av ytringar her, og nokre av dei er prega av at dei ikkje skil godt mellom talemål og skriftspråk. Det er tydeleg at mange skriv ”snakke”, men meiner ”skrive”, ettersom dei brukar nemningane nynorsk og bokmål. Etter beste skjønn har vi tolka og kategorisert utsegnene, og nokre fellestrekk går att:

Pro nynorsk

I Valdres-materialet og Firda-materialet er det mange utsegner som er positive til nynorsken. Nokre uttrykkjer også at det er synd at nynorsken blir utsett for eit slikt press frå bokmålet. Nokre få av utsegnene frå bokmålelevane i Valdres er også positive til nynorsken.

Pro bokmål

Færre utsegner er positive til bokmålet, og dei fleste av desse er uttala av bokmålelevar i Valdres (altså skiftarar). Likevel ligg det implisitte positive haldningar til bokmålet hjå dei som uttalar seg negativt om nynorsken. Fleire omtalar nynorsken som ei belastning (personleg eller samfunnsmessig). Og fem utsegner frå bokmålelevane uttrykkjer at vi berre bør ha eitt skriftspråk i Noreg. Nynorsktvang er også noko som engasjerer fleire bokmålsinformantar. Det blir også nemnt av nokre få elevar frå Firda (som kanskje er bokmålelevar?).

Pro dialekt

Svært mange av bokmålelevane i Valdres understrekar at dei er positive til dialekten og synest det er viktig å halde på den (flest utsegner i denne kategorien). Elevane ved Firda tematiserer dialekten i mykje mindre grad.

³⁴ Materialet er koda litt annleis her, slik at nynorskgruppa omfattar alle dei som hadde nynorsk då dei starta på Valdres vgs., dvs. 85 elevar. Merk også at dei som alltid har hatt bokmål, ikkje er med i dette utvalet.

Påverknad

Elevane ved Firda tematiserer meir korleis dei blir språkleg påverka, både munnleg og skriftleg, og dei meiner det er negativt. Påverkinga fører dei bort frå dialekt og nynorsk. Dette er mykje mindre tematisert mellom valdresinformantane.

Konklusjonar

Når det gjeld omfanget av språkskifte, er gruppene diametrale motsetnader: Språkskifte finst nesten ikkje ved Firda, medan det i Valdres er svært omfattande. Men i begge gruppene finn ein at om lag halvparten av språkskiftet skjer ved overgangen til ungdomsskulen.

Det er stor forskjell på kva for geografisk bakgrunn foreldra har i dei to informantgruppene. I Valdres er det ein større del av foreldra (éin eller begge) som er frå andre stader enn Valdres, og sjølv om det skjer eit stort språkskifte også blant dei som har to foreldre frå Valdres, så er det truleg at tilflytting har hatt noko å seia for denne utviklinga.

Ungdommane ved Firda rapporterer meir dialektbruk enn elevane i Valdres, men dette er situasjonsavhengig: ”Med mor og far” rapporterer dei meir dialekt, ”med kameratane” rapporterer dei noko mindre dialekt enn valdreselevane. Foreldra til firdaelevane bidreg difor meir til dialektbruk enn det foreldra til valdreselevane gjer.

Mest dialekt oppgjev firdaungdommane ”i ein butikk i Oslo”, og dei som vel å tilpasse seg, vel i større grad ”blandingsdialekt” enn ”bokmål”. Også valdreselevane oppgjev at dei vil bruke dialekten her, men blant dei som tilpassar seg, er det ”bokmål” og ikkje ”blandingsdialekt” som er det beste alternativet.

Begge informantgruppene er tydeleg positive til dialekten sin. Det gjeld også bokmålselevar i Valdres. Ein treng altså ikkje skrive nynorsk for å vera positiv til dialekten.

Nynorskelevane ved Firda og i Valdres er jamt over positive til både nynorsk og bokmål, men firdaelevane er litt meir positive til nynorsk enn valdreselevane. Fleire valdresungdommar enn firdaungdommar ser den instrumentelle verdien av majoritetsspråket bokmål, medan både informantane i Valdres og ved Firda ser den kulturelle verdien av nynorsk, firdaelevane i større grad enn valdreselevane.

I forholdet til engelsk finn vi stor forskjell mellom informantgruppene: firdaelevane er meir positive enn valdreselevane. Ein viktig forklarande faktor her er det faktum at elevgruppene er svært ulikt samansett, med fleire yrkesfagelevar i Valdres enn ved Firda. Ein kan også tenkje seg at elevar med sterk språkleg sjølvtilitt, noko som er tydelegare ved Firda enn i Valdres, også er meir opne for eit framandspråk.

SMS-språket til nynorskelevane ved dei to skulane er svært ulikt. Ved Firda er nynorsk eit utbreidd språkval i SMS, og særleg når dei skriv til læraren. I SMS til vener og foreldre er dialekt meir brukt. I Valdres er nynorsk nesten ikkje i bruk, verken til læraren, foreldra eller venene. Det er dialekt og bokmål som er dei viktigaste språkvala. Til læraren er det markant mykje meir bruk av bokmål. Her er det truleg ein viktig faktor at svært mange av lærarane i Valdres er bokmålsbrukarar, og at Firda er ein skule med nynorsktradisjonar. Kor som er ser det ut som om SMS er eit område som er tapt for nynorsken i Valdres.

Nynorskelevane i Valdres kjem heller ikkje til å bruke mykje nynorsk i framtida, medan dei aller fleste firdaelevane oppgjev at dei vil skrive nynorsk i framtida. Dette trass i at firdaelevane i mykje større grad ynskjer å bu ”i ein by”, og valdreselevane i mykje større grad vil halde seg i Valdres.

Når det gjeld årsaker til å halde på nynorsk som hovudmål, brukar dei to elevgruppene delvis ulik argumentasjon. Firdaungdommane har to argument som skil seg ut: ”Det er ein vane”, og ”nynorsk er best”. Valdresungdommane spreier seg jamnare på fleire argument: ”Nynorsk er nærast dialekten”, ”Får kompetanse i begge målformer”, ”Likar nynorsk best” og ”Det er ein vane”.

Firdaelevane brukar noko meir følelsesladde argument enn valdreselevane. Dette kan henge saman med at det er lettare for firdaelevane å halde nynorskfana høgt ettersom dei går på ein skule der nynorskelevane er i majoritet.

Bruken av følelsesladde argument tyder på at også nynorskelevane ved Firda kjenner sitt språk truga, sjølv om dei er den språklege majoriteten i sitt lokalmiljø. Dette er overraskande.

For dei som skiftar målform ved Firda, er dei instrumentelle argumenta i klart fleirtal. Bokmålet er ”lettare”. Det blir sagt lite negativt om nynorsken. I Valdres er også dei instrumentelle argumenta tydelegast, men her er negative utsegner om nynorsken mykje vanlegare. Nesten ingen grunngjev språkskiftet med kvalitetane i bokmålet.

Kva kan gjerast?

Vi har i denne rapporten slått fast at situasjonen for nynorskbruk i Sogn og Fjordane er heilt ulik situasjonen i Valdres. Mange av årsakene til denne forskjellen er slike ein ikkje kan endre, som den geografiske plasseringa og orienteringa mot det sentrale Austlandet. Det at det er fleire innflyttarar i Valdres enn i Sogn og Fjordane, er også forhold som ein ikkje kan endre, og som folk i Valdres er glade for.

Likevel må ein stille seg spørsmålet: Korleis kan det bli enklare å vera ein (ung) nynorskbrukar i Valdres? I stortingsmeldinga «Mål og Mening» slår politikarane fast: Nynorsk og bokmål er ikkje reelt likestilte³⁵. Det ubalanserte forholdet mellom bokmål og nynorsk er grunnlaget for dei resultata ein ser i Valdres. Det er også kjent frå andre land der ein har eitt stort språk og eitt lite språk, at det minste gradvis vil tape terreng³⁶. Dette meiner vi også bør få konsekvensar for korleis ein tenkjer omkring dei to språka våre. Og ikkje minst trengst det konkrete tiltak.

Utanfor skulen

Skulen er den viktigaste arenaen når det gjeld språkopplæring og formidling av kunnskap til ungdom. Skulen formidlar også haldningar, men det er det også andre som gjer. Media er ein stor premissleverandør for unge sine haldningar. Denne formidlinga skjer ofte utan tydeleg appell eller budskap. Svært mykje blir formidla mellom linjer. Det at så lite stoff er på nynorsk, blir i seg sjølv ein viktig budskap, og det formidlar ei haldning: Nynorsk er usynleg og dermed uviktig.

I eit samfunn med to likestilte språk, er det merkeleg at det er opp til den enkelte utgjevar å avgjere språket i mediet. Utan ei reell likestilling mellom bokmål og nynorsk i media opprettheld ein ubalansen, og dermed også grunnlaget for at så mange unge i område som Valdres, vel å skifte språk.

Frå illusjon til realitet?

Noreg er eit tospråkleg samfunn³⁷, men tospråklegheita er ein realitet som er mykje tydelegare for nynorskbrukarane enn for bokmålsbrukarane. Det er i dag umogeleg å vera einspråkleg nynorskbrukar ettersom «bokmål er overalt», slik ein informant seier det³⁸. For ein bokmålsbrukar framstår Noreg mykje meir som eittspråkleg, fordi bokmålsbrukarane i mykje større grad kan velje å ikkje «oppsøke» tekst på nynorsk. Nynorskbrukaren, på den andre sida, må i svært mange tilfelle «oppsøke» nynorsk aktivt for å få informasjon på sitt eige språk. Dette krev ei enorm bevisstheit, noko ein ikkje skal rekne med at den jamne språkbrukar har. Slik sett er tospråklegheita i Noreg ein illusjon, den eksisterer berre for den som *ynskjer* å sjå landet som tospråkleg.

«Språklig selvtillit og trygghet i egen kultur»?³⁹

At dette skapar problem for den som har nynorsk som sidemål, er ei kjend problemstilling. Men endå viktigare er det at det skaper problem for den som skal lære nynorsk som

³⁵Stortingsmelding 35, Mål og mening, s. 26: «Det skal leggest spesielt til rette for at nynorsk blir meir reelt likestilt med bokmål».

³⁶Sjå f.eks. Nancy Dorian, 1981: Language Death: The Life Cycle of a Scottish Gaelic Dialect, [University of Pennsylvania](http://www.upenn.edu/~langsci/press/) Press

³⁷Jf. Mål og mening.

³⁸Dette gjeld også Sogn og Fjordane, slik informantsvara viser.

³⁹Læreplanen for norskfaget, lokalisert på www.udir.no/grep/Lareplan/?laereplanid=1100204

hovudmål. Mange lærarar erfarer at born og unge som har nynorsk som hovudmål, ikkje blir like gode i nynorsk som i bokmål, trass i at det er det språket dei har hatt all opplæring på gjennom alle år i skulen. Difor seier også mange av informantane i Valdres som har skifta hovudmål, at bokmål er «enklare». Dette gjer det vanskelegare å oppnå «språklig selvtillit», som jo i flg. læreplanen er eit mål.

Dersom samfunnet, gjennom skulen og andre organ, ikkje har noko å stille opp mot desse mekanismane, er det det same som å akseptere situasjonen og misforholdet mellom språka våre. Ein skyv samtidig ansvaret for å bevare nynorsken som språk over på den enkelte tenåringen.

Gjennom arbeidet med prosjektet Målstreken ser vi at svært mange lærarar i Valdres har eit bevisst forhold til språk. Likevel ser vi også at biletet er meir samansett. Nokre innanfor skulen (på alle nivå) har ikkje særleg interesse for nynorsk, enkelte seier også at dei ikkje er særleg gode i nynorsk. Andre, og det er kanskje den største gruppa, tek likestillinga av nynorsk og bokmål for gitt og verken tematiserer eller problematiserer dette nærare. Vond vilje er ikkje problemet her, mange tenkjer nok at å problematisere dette forholdet, kan vera med å på å gjera nynorsken mindre attraktiv for ungdommane. Vi trur det er omvendt: Ved å ikkje snakke om språkskifte og styrkeforholdet mellom bokmål og nynorsk, fjernar skulen seg frå ungdommen si verkelegheitsoppfatning.

Sjølv om mykje bra skjer i på nynorskfronten i skulane i Valdres og andre stader, bør det ikkje vera slik at dette er avhengig av enkeltpersonar sitt språklege engasjement. Vi treng difor nasjonale tiltak på fleire nivå for skulen:

- 1 Vi treng ein ny didaktikk: Styrkeforholdet mellom nynorsk og bokmål må få konsekvensar for korleis ein underviser, også i nynorsk som hovudmål. Dette må inn i lærarutdanning, og det må finnast vidareutdanningsprogram.
- 2 Vi treng tydelegare styringsdokument: Læreplanen og andre styrande dokument må omtale både styrkeforholdet mellom bokmål og nynorsk og språkskifte. I dag seier læreplanen for norsk at «språklig selvtillit og trygghet i egen kultur» er eit mål. Dette er lite forpliktande og vanskeleg å måle.
- 3 Vi treng system for kompetanseheving i nynorsk: Det finst lærarar som meistrar nynorsk dårleg, og desse må få opplæring på ein enkel måte.

Figurliste

Figur 1, Språkskifte blant elevar på Firda vidaregåande skule, absolutte tal.....	5
Figur 2, språkskifte blant elevar på Valdres vidaregåande skule.....	5
Figur 3, Elevar ved Firda som har begge foreldra frå Sogn og Fjordane fordelt på hovudmål vår 2010.....	6
Figur 4, Talemål ved Firda vgs.....	7
Figur 5, Talemål blant nynorskelevar ved Firda.....	8
Figur 6, Talemål hjå nynorskelevar ved Valdres vgs.....	9
Figur 7, Talemål blant nynorskbrukarane i Valdres og ved Firda i "ei forretning i Oslo", absolutte tal.....	10
Figur 8, Kva meiner nynorskbrukarane om å skrive nynorsk?.....	11
Figur 9, Kva meiner nynorskbrukarane om å skrive bokmål?.....	12
Figur 10, Kva synest nynorskbrukarane i Valdres og ved Firda om å skrive engelsk?.....	13
Figur 11, Samanlikning av nynorskbrukarar i Valdres og ved Firda når det gjeld kor godt dei likar å skrive nynorsk, bokmål og engelsk.....	14
Figur 12, SMS-språk blant nynorskbrukarar i Valdres og ved Firda.....	15
Figur 13, Årsaker til å halde på nynorsk som hovudmål, Firda.....	16
Figur 14, Årsaker til å halde på nynorsk, ei samanlikning av Valdres og Firda.....	19
Figur 15, Framtidig språkbruk Valdres og Firda.....	22
Figur 16, Framtidig bustad for nynorskbrukarane i Valdres og ved Firda, absolutte tal.....	23
Figur 17, Utdanningsambisjonar hjå nynorskbrukarar i Valdres og ved Firda.....	25
Figur 18, Framtidig bustad for nynorskbrukarar med høge utdanningsambisjonar.....	26

Litteraturliste

Dorian, Nancy. 1981: Language Death: The Life Cycle of a Scottish Gaelic Dialect, [University of Pennsylvania Press](#)

Firda vidaregåande skule: Historikk om skulen. Lokalisert 16. september 2010 på [www: http://firda.vgs.no/cms/firda/cms.nsf/\\$all/D724E1BF7885785EC12573E500396638?open&qm=wcm_1,3,1,0](http://firda.vgs.no/cms/firda/cms.nsf/$all/D724E1BF7885785EC12573E500396638?open&qm=wcm_1,3,1,0)


Garthus, Karen Marie Kvåle. 2009: Rapport om språkskifte i Valdres. Oslo, Noregs Mållag

Kvåle, Karen Marie. 1999: Eit målføre i uføre. Talemålsendring i Valdres. Upublisert hovudoppgåve, Oslo, UiO

Statistisk Sentralbyrå: Innenlandske flyttinger etter fylke. Lokalisert 16. september 2010 på [www: http://www.ssb.no/emner/02/02/20/flytting/tab-2010-05-06-05.html](http://www.ssb.no/emner/02/02/20/flytting/tab-2010-05-06-05.html)

Stortingsmelding 35. 2008: Mål og mening

Udir: Læreplanen for norskfaget, lokalisert på [www 29. september 2010: http://www.udir.no/grep/Lareplan/?lareplanid=1100204](http://www.udir.no/grep/Lareplan/?lareplanid=1100204)



malstreken@nynorsk.no

www.malstreken.no